

Hardangervidda Fjelloppsyn as

Rapport nr: 9-2004
Dato: April 2004

RAPPORT

Rapportens tittel:

Årsrapport 2003 for Hardangervidda Fjelloppsyn as

Forfatter (e):

Georg Gjøstein

Oppdragsgjevar:

Hardangervidda Fjelloppsyn as

Emneord:

Utført arbeid Organisasjonen

Samandrag:

Hardangervidda Fjelloppsyn as har totalt arbeidd 4,6 årsverk i 2003. Det er utført arbeid for 15 institusjonar der fjellstyra på Hardangervidda, Statens naturoppsyn og NINA-NIKU er dei største oppdragsgjevarane.

Forord

Dette er ein årsrapport som har til føremål å gi ei oversikt over verksemda til Hardangervidda Fjellopsyn as i 2003.

Me vil takke oppdragsgjevarane og andre kontaktar for oppdraga og samarbeidet i 2003.

Geilo, april 2004

Sigurd Gudmundsen /s/
Styreleiar

Georg Gjøstein
Dagleg leiar

1. UTFØRT ARBEID.....	4
1.1 OPPSYNSARBEID	4
1.2 KONTROLLAR, ADVARSLAR OG ANMELDELSAR.....	4
1.3 INFORMASJON	4
1.4 SEKRETÆRFUNKSJONAR.....	4
1.5 REGISTRERINGSARBEID, SKJØTSEL OG VEDLIKEHALD M.M.....	5
1.6 FELTARBEID FOR FORSKNINGSINSTITUSJONAR.....	5
<i>Villrein</i>	5
<i>Fjellrev</i>	5
<i>Kulturminner</i>	5
<i>Vatnkvalitet</i>	6
<i>Gjerding</i>	6
1.7 OMFANGET AV ARBEIDET.....	6
2. ORGANISASJONEN	6
2.1 STYRET	6
2.2 PERSONALET	6

1. Utført arbeid

1.1 Oppsynsarbeid

Oppsynsarbeidet har skjedd på oppdrag frå fjellstyra kring Hardangervidda og Statens naturoppsyn.

Kontrollar, advarslar og anmeldelsar

Totalt er det kontrollert 235 personar på Hardangervidda av oppsynspersonell tilsett av Hardangervidda Fjelloppsyn as (tabell 1). Det er gjeve 6 advarslar og føreteke 4 anmeldelsar (tabell 2).

Tabell 1. Antall kontrollerte

Tema	Antall kontrollerte
Motorferdsel sommar og vinter	80
Småviltjegerar	29
Storviltjegerar elgjakt /villreinjakt	12/56
Fiskerar	48
Andre reglar	10
SUM	235

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar	Antall anmeldelsar
Motorferdsel, sommar og vinter	1	2
Småviltjegerar		
Storviltjegerar		1
Fiskerar	2	1
Bandtvang	3	
SUM	6	4

1.2 Informasjon

Gjennom kontakt med publikum, er det gjeve muntleg informasjon til **635 personar**. Innhaldet i informasjonen favnar vidt, men vanlege tema er historikk om nasjonalparken, forslag til tur og løypeval, salgstader for jakt og fiskekort, informasjon om plante og dyrelivet, utgreiing om lover og reglar i høve til nasjonalparken og utøving av jakt og fiske m.m.

1.3 Sekretæriat

Fjelloppsynet har ivareteke sekretærfunksjonen for fylgjande fjellstyrer:

- Rauland
- Øvre Numedal
- Ullensvang
- Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- Ulvik

Ein har også teke hand om sekretærfunksjonen for *Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda*.

1.3 Registreringsarbeid, skjøtsel og vedlikehold m.m.

Innsamlingsarbeid av søppel og skrap i nasjonalparken på oppdrag frå *Statens naturoppsyn* er vidareført. I 2003 har fjelloppsynet også arbeidd i 34 verneområder utanfor Hardangervidda Nasjonalpark . Sjå for øvrig tabell 3. som syner kva arbeidsoppgåver fjelloppsynet har hatt for SNO.

Tabell 3 . Temavis inndeling av arbeidet som er utført på oppdrag frå Statens naturoppsyn i 2003

Tema
Tilsyn med motorferdsel , generelt naturoppsyn m.m.
Kontroll av gaupebåsar
Informasjonsarbeid frå Tinnhølenytta
Sporing av jerv/rovviltarbeid
Tilsyn /informasjon ved militær aktivitet
Skjøtsel i Hardangervidda nasjonalpark
Tilsyn med sårbar fauna
Oppsyn og skjøtsel i naturreservat utanfor Hardangervidda N.P.
Tilsyn med mineralførekomstar
Miljøaksjonen ”Vi ryddar Hardangervidda”
Oppsyn under villreinjakta
Tilsyn med villrein, Rv 7 – radiotelemetri
Kontroll av elgjaktlag
Kontorarbeid

På oppdrag frå fjellstyra er det utført:

- nybygg / vedlikehold av hytter
- transport av ved /propan og anna utstyr til hytter
- renovasjon
- prøvefiske, analyse av skjellprøver m.m.
- anna fiskekultivering

Arbeidet som er utført for *fjellstyra* og *Statens naturoppsyn* er gjort nærare greie for i eigne rapportar.

1.5 Feltarbeid for forskningsinstitusjonar

Villrein

Fjelloppsynet har på opprag frå *NINA* delteke med mannskap i samband:

- Kalvetelling
- Strukturtelling
- Radiomerking og peiling av radiomerka rein

Fjellrev

Fjelloppsynet har utført feltmessige registreringar av fjellrev på oppdrag frå *NINA*.

Kulturminner

Det er gjort registreringar av fangstanlegg for villrein på oppdrag for *NINA*.

Vatnkvalitet

Fjelloppsynet har henta vassprøver i samband med ”Prosjekt priikkaure”, på oppdrag frå *Universitetet i Bergen*.

Gjerding

Fjelloppsynet har vedlikehelde gjerder i Hol kommune på oppdrag frå *Universitetet i Oslo*.

1.6 Omfanget av arbeidet

Det er utført totalt 8235,5 timeverk i selskapet i 2003 (Tabell 4). Dette utgjer 4,6 årsverk. Av dette er 7233,5 timar utført for 15 eksterne oppdragsgjeverar.

Tabell 4. Arbeid utført av Hardangervidda Fjelloppsyn as i 2003

Oppdragsgjevar	Type arbeid	Timar
Ulvik fjellstyre	Oppsyn, vedlikehald av hytter, transport, tilsyn, sekretæriat	478,5
Ullensvang fjellstyre	Oppsyn, transport, vedlikehald av hytter, sekretæriat	566
Odda fjellstyre	Oppsyn	147,5
Fellesfjellstyret for Ullensvang statsallmenning	Prøvefiske og sekretæriat	Timar ført på Ullensvang og Odda F.S.
Røldal fjellstyre	Oppsyn, tilsyn og renovasjon	184
Eidfjord fjellstyre	Oppsyn, transport, fiskekultivering, tilsyn og renovasjon	275,5
Rauland fjellstyre	Oppsyn, sekretæriat	133
Øvre Numedal fjellstyre	Oppsyn, transport, vedlikehald av hytter, fiskekultivering, sekretæriat	936,5
SfH	Sekretæriat	241
Hol fjellstyre	Transport	9,5
Statens naturoppsyn	Oppsyn, skjøtsel, informasjonsarbeid	3338
NINA-NIKU	Fjellrevprosjekt, studier v/ kalving, strukturtelling, kalvetelling og radiomerking av villrein, kulturminner	787
Universitetet i Bergen	Priikkaureprosjekt	40
Universitetet i Oslo	Vedlikehald av gjerder	83
Hardangervidda Villreinutval	Strukturtelling	14
Anna arbeidstid	Administrasjon, kurs, fagmøter, personalmøter, rapportering, tillitmannsarbeid m.m.	1002
SUM		8235,5

2. Organisasjonen

2.1 Styret

Styret var samansett av styreleiar Ragnar Ystanes og styremedlemene Sigurd Gudmundsen og Liv I. Myklatun fram til generalforsamling som vart helde på Geilo 12.06.03. På generalforsamlinga vart Sigurd Gudmundsen valt til ny styreleiar med Liv I. Myklatun og Steinar Langesæter som styremedlemer. Styret har handsama 18 saker i 2003.

2.2 Personalet

Det har vore 7 fast tilsette medarbeidarar i selskapet i 2003. Hans-Jørgen Jahren har vore tillitsvald og verneombud. (Tabell 5.)

Tabell 5. Fast tilsette i 2003

Tilsett / kontorstad	Stillingstorleik
Georg Gjøstein, Geilo	100 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	83,3%
Kåre Hallingstad, Hol	87,5%
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	66,7%
Bjørn Haugen, Geilo	62,5%
Helge Bitustøyl, Rauland	50%
Magne Hallanger, Ulvik	62,5%